



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
82/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	29.08.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård		16/1001

### DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 82/2016

##### **FPØ - Behandling:**

Orienteringane blei tatt i starten av møtet.

- Rådmannen orienterte om saka om ombygging av prestebustaden på Vaksdal til institusjon/bufelleskap for einslege mindreårige flyktningar
- Sigmund Simmenes orienterte om TV-aksjonen i oktober - som i år går til Røde Kors
- Ordføraren orienterte frå ordførarmøte om Politireforma
- Ordføraren orienterte om tilbakemeldinga til fylkesmannen på kommunestrukturdebatten og la fram følgjande forslag til svar:

1. Kompetanse og kapasitet for å tilrettelegge for likeverdige tenester:

Går greitt å rekruttera i høve høgskule/bachelor:

Lærarar, spesialpedagogar, førskulelærarar, sjukepleiarar. (tilbod om spesialiserte utdanning til eigne sjukepleiarar), barnevernspedagogar, sosionomar, fysioterapeutar, ergoterapeut, ingeniørar, geodata, landbruk økonom, etc.

Noko meir utfordrande i høve Master:

Legar, psykologar, sivilingeniør, jurist, siviløkonom, plankompetanse etc.

2. Kapasitet og kompetanse til å skapa ei utvikling som er i stand til å løysa nasjonale utfordringar innanfor arealforvaltning og miljø vert opplevd god.

Når det gjeld beredskap har me løyst dei situasjonane me har vore oppe i tråd med overordna ROS-analyse og beredskapsplan. Deltidsbrannvesen er ei utfordring særleg på dagtid.

Kompetanse innan næringsutvikling kunne vore betre.

Transport?

3. Utvikling av økonomisk robuste kommunar som er i stand til å møte utfordringar innan drift, investering og uføresette hendingar.

Dette vert ein større og større utfordring. Sidan folketalet i Vaksdal ikkje veks får me ein mindre og mindre del av kaka. Me ha nokre midlar på fond, men har t.d. store pensjonsforpliktingar. Handlingsrommet til å utvikla samfunnet vert mindre.

Likeeins vert fagmiljøa innan psykiatri, barnevern og pp-teneste vurdert som små og sårbare. Det same gjeld for fagområde som plan, forvaltning, kommunalteknikk etc.

4. Utvikling av lokaldemokrati som er i stand til å ta attende interkommunale oppgåver, ta på seg nye oppgåver og gjennom fagleg kompetanse og kapasitet er i stand til å utvikla det kommunale sjølvstyret føreset redusert statleg detaljstyring.  
Me er i stand til å ta på oss nye oppgåver som er fullfinansierte. Dei interkommunale samarbeida me har, kan me ikkje innfri sjølv:
  - A. Renovasjon – eit godt samarbeid i BIR AS
  - B. Interkommunal legevakt. Me klarer ikkje å tilby den kvaliteten som ny forskrift om akuttmedisinsk beredskap legg opp til.
  - C. PP-teneste. For denne er me vertskommune for Samnanger og Modalen. Dersom desse trekker seg ut, vert me endå meir sårbare.
  - D. IKT. Er med i Nordhordland. Dersom dette går i oppløysing vert nok Vaksdal kommune for liten til å stetta krav og forventningar til gode løysingar innan IKT.

Formannskapet slutta seg til framlegget

På grunn av tidsfrist vert dette å senda kommunestyret som meldingssak

Det vart så gjennomført synfaring på heradshuset og Vaksdal Introsenter før ein starta på sakslista. I samband med det, la rådmannen fram informasjon om synfaringa.

#### **FPØ - Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.